

Til  
Språkrådet

Oslo, 25. mars 2022

## Høyringsvar frå Noregs Mållag – forslag til rettskrivingsendringar i bokmål og nynorsk februar 2022

Vi viser til høyringsnotatet frå februar 2022 med framlegg til rettskrivingsendringar.

Noregs Mållag har ingen merknader til dei få framlegga som berre gjeld nynorsk. Derimot har vi merknader til somme av framlegga som berre gjeld bokmål. Våre merknader gjeld det at desse framlegga har vorte fremja utan at Språkrådet samstundes har teke stilling til tilsvarande rettskrivingsendringar i nynorsk.

I Noregs Mållags høyringsvar til høyringa i 2021 om reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk understreka vi mellom anna at vi meiner det er viktig at ein unngår skilnader mellom nynorsk- og bokmålsrettskrivinga som inneber at former med lang tradisjon i nynorskrettskrivinga er korrekte i bokmålsrettskrivinga, men ukorrekte i nynorskrettskrivinga.

Alle rettskrivingsframlegga vi kjem med i denne fråsegna, kan grunnjevast ut frå innsnevringa av sjølvstendepriippet slik det er formulert i punkt 6.2.1 og 7.2.1 i retningslinjene for normering av bokmål og nynorsk: «Dersom bruk, tradisjon og språkssystematiske omsyn ikkje talar for noko anna, skal ein likevel unngå skilnader mellom dei to skriftspråka når det gjeld bøyingsstypar for ulike ord og genus for substantiv.»

### Til punkt 3.2.2.1 og 3.2.2.2

Vi har merkt oss at i høyringa som no er ute, er det m.a. gjort framlegg om fullformer utan samandraging av inkjekjønnsord i bunden form eintal i bokmål – som *kapittelet*, *tempelet*, *teateret*, *registeret* – nett som i nynorsk etter 2012-rettskrivinga. Vi har òg merkt oss at det er gjort framlegg om at nøytrumsord på *-er* får fullform som obligatorisk *a*-form i bunden form fleirtal – *teatera*, *registera*.

Vi er tilfreds med at dette framlegget inneber at umotiverte skilnader som har vore mellom bokmål og nynorsk sidan 2012, forsvinn.

### Til punkt 3.2.2.4 bokstav d, e og f

Vi meiner det er uheldig dersom inkjekjønnsorda *spektrum*, *sentrum* og *monstrum* skal ha systematisk ulike bøyingsformer i nynorsk og bokmål.

Vi gjer framlegg om at dei får slik bøyning i nynorskrettskrivinga – i tråd med framlegget Språkrådet har gjort for bokmålsrettskrivinga:

*eit spektrum* – *spekeret/spektrumet* – *spektrum* – *spektera/spektruma*

*eit sentrum* – *senteret/sentrumet* – *sentrum* – *sentera/sentruma*

*eit monstrum* – *monsteret/monstrumet* – *monstrum* – *monstera/monstruma*

Til desse tre orda kan det nemnast at problemstillinga om t.d. *spekeret* og *spektera* er bøygde former av *eit speker* eller *eit spektrum* i praksis kanskje mest er av akademisk interesse. Men vi meiner like fullt at det prinsipielt problematisk med store skilnader mellom nynorsk og bokmål i tilfelle som dette. Før 2012-rettskrivinga var jo heller ikkje formene på *-um* obligatoriske i nynorsk i bunden form eintal og fleirtal av desse orda.<sup>1</sup>

<sup>1</sup> Jf. *Ny rettskriving for 2000-talet. Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet* (2011), s. 124

### Til punkt 3.2.2.5 bokstav a

Språkrådet har gjort framlegg om at det i bokmål skal vera valfridom mellom fulle former og former med bortfall av *-us* i orda *auksjonarius*, *justitarius*, *nuntius* og *radius*.

I 2012 vart fulle former gjorde obligatoriske i alle bøyge former av desse orda i nynorsk, jf. t.d.:  
*ein radius – radiusen – radiusar – radiusane*

Vi meiner det uheldig med systematiske skilnader mellom nynorsk og bokmål i denne vesle ordgruppa. Fleire av desse orda er ein del nytta, og det er prinsipielt og praktisk uheldig at bokmål har former som *radien/justitarien – radier/justitrier – radiene/justitiariene*, der tilstavarande former med bortfall av *-us* var i nynorskrettskrivinga fram til 2012 – og jamvel obligatorisk i fleirtalsformene for dei andre orda enn *radius*.<sup>2</sup>

Vi gjer framlegg om at *auksjonarius*, *justitarius*, *nuntius* og *radius* får fastsett bøyingsformer etter same system i nynorsk som Språkrådet har gjort framlegg om for bokmål, jf. dømet under:  
*ein radius – radien/radiusen – radiar/radiusar – radiene/radiusane*

Dersom Språkrådet vel å gå vidare med å føra nynorsk- og bokmålsrettskrivinga saman på dette feltet, meiner vi det må vera opp til Språkrådet å vurdere om endringa kan gjerast direkte, eller om eit slikt framlegg må sendast ut på høyring seinare.

### Merknader om ord av typen *geranium*

Hankjønnsorda *geranium*, *kaperfolium* og *pelargonium* blir bøyge slik i bokmålsrettskrivinga:  
*en geranium – geranien/geraniumen – geranier – geraniene*

I nynorskrettskrivinga har dei sidan 2012 vorte bøyge slik:  
*ein geranium – geraniumen – geraniumar – geraniumane*

Før 2012-rettskrivinga følgde bøyginga i nynorskrettskrivinga det same systemet som framleis er gjeldande i bokmålsrettskrivinga, med valfri fullform eller form med bortfall av endinga *-um* i bunden form eintal, og obligatorisk bortfall av endringa i fleirtalsformene.<sup>3</sup>

I samsvar med måten hankjønnsord på *-ius* er handsama i høyringsframlegget, gjer vi framlegg om at *geranium*, *kaperfolium* og *pelargonium* skal bøyast etter dette mønsteret, eventuelt ved at eit slikt rettskrivingsframlegg blir sendt ut på høyring ved neste høve:

Nynorsk:

*ein geranium – geranien/geraniumen – geranier/geraniumar – geraniene/geraniumane*

Bokmål:

*en geranium – geranien/geraniumen – geranier/geraniumer – geraniene/geraniumene*

venleg helsing  
Noregs Mållag

Peder Lofnes Hauge /sign/  
leiar

Gro Morken Endresen /sign/  
dagleg leiar

<sup>2</sup> Jf. *Ny rettskriving for 2000-talet. Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet* (2011), s. 126

<sup>3</sup> Jf. *Ny rettskriving for 2000-talet. Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet* (2011), s. 126